



ALVER

KOMMUNE

Detaljregulering for

Del av fv5486, Langhøyane - Kjebogen

Gnr. 445 bnr. 229 mfl.

PlanID: 1260 2018 000 100

Føresegner
(jf plan- og bygningslova § 12-7)
Dato: 16.03.2023

Utval	Sak	Dato	Vedtakstype	ArkivID



§ 1 Generelt

§ 2.1 Reguleringsformål

Regulert område er synt på plankart i målestokk 1:1000, datert 23.02.2023.
Planområdet inneholder følgjande føremål:

1. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr.2)
 - a) Veg (2010)
 - b) Køyreveg (2011)
 - c) Gang-/sykkelveg (2015)
 - d) Anna veggrunn – grøntareal (2019)
2. Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (PBL § 12-5 nr. 5)
 - a) LNFR-arealet for naudsynte tiltak for LNFR (5100)
3. Omsynssoner (PBL § 12-6)
 - a) Frisiktsone (H140)

§ 2 Siktemål med planen

Reguleringsplanen legg til rette for ein utbetring av delar av eksisterande fylkesveg 5486, frå Langhøyane til Kjebogen. Planarbeidet inkluderer ein utviding av vegen, samt etablering av fortau for mjuke trafikantar. Planarbeidet er også føresetnad for vidare utbygging i delfelt BI2 på Manger Industriområde, Kjebogen.

§ 3 Fellesføresegner for heile planområdet

§ 3.1 Tryggleik

I samband med utarbeiding av byggeplan og kvalitets-/HMS-planar i forkant av anleggsstart skal det gjennomførast vurderingar med tanke på å unngå fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett, forureining og sikringstiltak for gåande og køyrande gjennom anleggsområdet.

§ 3.2 Estetisk utforming og terrenghandsaming (PBL § 12-7, nr. 1)

- a) Ved detaljplanlegging og gjennomføring av tiltak i planområdet skal det leggjast vekt på god estetisk utforming. Med estetisk utforming meiner ein i dette tilfellet tilpassing til området sin landskapskarakter.
- b) Alle terrenghinngrep skal skje mest mogleg varsamt i høve til omgjevnadene. Det skal leggast vekt på terrenghutforming og løysingar som tek vare på mest mogleg av eksisterande terren og vegetasjon. Dette gjeld spesielt i områda knytt til Kjevatnet og Brupollen.
- c) Skjeringar og fyllingar skal rundast av og verte tilpassa tilgrensande terren.
- d) Vegskjeringar, grøfter og fyllingar skal såast til eller gis overflate med god estetisk utforming. Der landskapskarakter tilseier det, skal det ved tilslåing nyttast frøblanding med stadeigne artar, som i størst mogleg grad bidrar til biologisk mangfold.
- e) Terrenghandsaming skal gjerast ferdig på same tid som resten av anlegget.

§ 3.3 Handtering av overvatn (PBL § 12-7, nr. 4)

- a) Overvatn skal handterast lokalt. Overvatn frå vegarealet skal førast mot grøftene.
- b) I anleggsfasen skal overvatn reinsast i naudsynt omfang før det vert slept ut til terrenget, resipient eller leidningsnett.

§ 3.4 Universell utforming (PBL § 12-7, nr. 4)

- a) Gang-/sykkelvegar skal i hovudsak vere universelt utforma. Prinsippet om universell utforming skal så langt som mogleg leggast til grunn for val av løysingar for gåande og syklande.

§ 3.5 Byggegrenser (PBL § 12-7, nr. 2)

Det er ikkje vist byggjegrenser i planen, og byggegrensar fastsett i Veglova § 29 er gjeldande.

§ 3.6 Kulturminne (PBL § 12-7, nr. 2)

Dersom det i samband med tiltak i planområdet dukkar opp gjenstandar, konstruksjonar eller andre funn som kan vera automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast, og kulturminnemyndigkeit varslast, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

§ 3.7 Plassering av straum-/telefonstolpar (PBL § 12-7, nr. 2)

- a) Behov for varig og/eller mellombels omlegging av straum-/telefonstolpar skal kartleggjast i samband med utarbeiding av byggjeplan. Eventuelle planar for omlegging skal utarbeidast i samarbeid med linjeeigar.

§ 3.8 Støy (PBL § 12-7, nr. 2)

- a) Retningslinje for behandling av støy, T-1442, skal følgjast i bygge- og anleggsfasen. Grenseverdiane i T-1442, kapittel 6, skal i utgangspunktet overhaldast. Ved overskridning av grenseverdiane skal det varslast og avbøtande tiltak skal gjennomførast.
- b) Det skal utarbeidast ein plan for handtering av støy i bygge- og anleggsfasen.

§ 3.9 Miljøtiltak (PBL § 12-7, nr 3 og 4)

- a) Ved utfylling i Kjevatnet skal det nyttast siltduk for å hindre partikkelforureining.
- b) Forureining av Kjevatnet og Brupollen via tilrenning skal hindrast. Vatn frå anleggsområdet skal først vekk frå Kjevatnet og Brupollen medan anleggsarbeid pågår.
- c) I anleggsfasen skal det etablerast avskjeringsgrøfter langs vegen for å sikre at avrenning ikkje skjer til Kjevatnet eller Brupollen.
- d) Ved uttak av torv frå myrar i samband med utbygging, skal utgravne torvmassar brukast til rehabilitering av myrar i nærområdet.
- e) Grunna omsyn til hekkande fuglar, skal anleggsperioden ikkje føregå i perioden mellom 1. mars til 30. august.

§ 4 Ufylldande planar/dokumentasjon

§ 4.1 Tekniske planar for samferdselsanlegg (PBL § 12-7 nr. 4 og 12)

Teknisk vegplan skal leggast til grunn for utforming av samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Teknisk vegplan er datert **01.02.2019**. Tekniske teikningar er godkjende av



Statens vegvesen. Teknisk vegplan (C-, D- og F-teikning) følger som vedlegg til reguleringsplanen.

§ 4.2 Byggjeplan (PBL § 12-7 nr. 4 og 12)

Før utbygging av veganlegg kan starte skal det utarbeidast ein byggjeplan. Planen skal ta utgangspunkt i reguleringsplanen, Statens Vegvesen sine handbøker og gjeldande retningsliner. Byggjeplan for tiltak i tilknyting til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens Vegvesen før det kan gjevast igangsetjingsløyve til slike tiltak.

§ 4.3 Rigg- og marksikringsplan (PBL § 12-7 nr. 4 og 12)

Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføringa av anleggsarbeidet. Planen skal gje føringar for følgjande tilhøve:

- a) Planen skal vise korleis vegetasjon, inkludert kantsoner, og terrell i anleggsfasen skal sikrast, for riggområdet.
- b) Alle grøftar, vegskråningar og sideareal, skal ved anleggsslutt formgjevast med naturlege overgangar til terrenget omkring, og såast med naturgras.
- c) Rigg- og marksikringsplanen skal innehalde ein plan for mellomlagring og tilbakeføring av massar. Eventuelt avfall og ureina massar frå anleggsarbeidet skal leverast til godkjent mottak.
- d) Det skal gå fram av planen korleis ein skal hindra avrenning av finstoff og eventuell annan forureining under anleggsperioden.
- e) Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen. Inngrepsgrensa skal også merkast med tydeleg fysisk avmerking i anleggsfasen.
- f) Rigg- og marksikringsplanen skal inkludere tiltak for å minimere risiko for spreiing av framande artar.

§ 4.4 Godkjent arbeidsvarslingsplan (PBL § 12-7 nr. 12)

Det skal utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan som syner korleis vegarbeidet skal varslast og sikrast. Planen skal skildre trafikkavvikling, framkomst og trafikktryggleik i anleggsperioden.

§ 4.5 Plan for massehandtering (§ 12-7 nr. 4 og 12)

Det skal utarbeidast ein plan for handsaming av massar i samband med vegutbygginga. Planen skal syne både disponering av stadeigne massar og trong for tilførde graderte massar. Planen skal leggjast ved søknad om løyve til tiltak.

- a) Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk lokalt. Avfall og ureine massar skal transporterast til godkjent mottak.
- b) Mellombels deponering av massar, inn til to månader, kan berre skje i område med arealformål busetnad og anlegg, og samferdsel og teknisk infrastruktur. Mellombels deponering av massar kan likevel ikkje skje i omsynssone, i strandsone eller i område for utomhusareal der eksisterande vegetasjon skal takast vare på.

§ 5 Føresegn til arealformål**§ 5.1 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)****§ 5.1.1 Veg (SV) (PBL § 12-7 nr. 1, 4 og 7)**

- a) SV er privat avkjørsel til gbnr. 445/75.



- b) Vegen skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist i plankartet og i teknisk vegplan. Teknisk vegplan følgjer som vedlegg til reguleringsplanen, og er datert 01.02.2019.
- c) Naudsynt justering skal avklaras med aktuell vegmynde.
- d) Avkørselen skal ferdigstilla samstundes som resten av anlegget.

§ 5.1.2 Køyreveg (SKV) (PBL § 12-7 nr. 1, 4 og 7)

- a) o_SKV1 er offentleg køyreveg.
- b) Vegen skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist i plankartet og i teknisk vegplan. Teknisk vegplan følgjer som vedlegg til reguleringsplanen, og er datert 01.02.2019.
- c) Naudsynt justering av vegareal skal avklaras med aktuell vegmynde.
- d) Vegen skal asfalterast.

§ 5.1.3 Gang-/sykkelveg (SGS) (PBL § 12-7 nr. 1, 4 og 7)

- a) Gang-/sykkelveg skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist i plankartet og i teknisk vegplan. Teknisk vegplan følgjer som vedlegg til reguleringsplanen, og er datert 01.02.2019.
- b) Gang-/sykkelveg skal asfalterast.

§ 5.1.4 Annan veggrunn – grøntareal (PBL § 12-7 nr. 1, 4 og 14)

- a) For annan veggrunn – grøntareal inngår: fyllingar, skjeringar, rekkverk, murar, grøfter og andre tekniske anlegg langs vegsystemet innanfor planområdet. Arealet skal òg nyttast til tilpassing mellom veg og tilgrensande formål.
- b) Arealet kan òg nyttast til anlegg- og riggområde i anleggsperioden.
- c) Fyllingar skal dekkjast til med jord og plantast til med stadeigen vegetasjon.
- d) Murar og skjeringar høgare enn 1 meter må sikrast.

§ 5.2 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (PBL § 12-5 nr. 5)**§ 5.2.1 LNFR-arealet for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardenes ressursgrunnlag (PBL § 12-7 nr. 1, 2, 6 og 9)**

- a) For arealet som er sett av til LNF-område skal gjeldande kommuneplan/kommunedelplan med tilhøyrande føresegner vere gjeldande.

§ 6 Føresegn til omsynssoner**§ 6.1 Sikringssone – Frisikt – H140 (PBL § 11-8)**

- a) Frisiktsone kjem fram av plankartet.
- b) I frisiktsonen skal det til ein kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegars plan. Det er tillate med enkeltelement som ikkje hindrar sikt, til dømes stolpar og tre.

§ 7 Rekkefølgjekrav (PBL § 12-7 nr. 10)

- a) Før det vert gjeve rammeløyve må det vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og tiltakshavar.
- b) Før anleggsarbeid kan setjast i gang, skal følgjande planar/dokumentasjon liggja føre:
 - i. Tekniske planar for samferdselsanlegg
 - ii. Byggjeplan
 - iii. Rigg- og marksikringsplan
 - iv. Godkjend arbeidsvarslingsplan
 - v. Plan for massehandtering



ALVER

KOMMUNE

vi. Plan for handtering av støy i bygge- og anleggsfasen

FORSUAG